
Saksnr: 2022/1797-20**Saksbehandlar:** Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		30.08.2022
Fylkesutvalet		06.09.2022

Fråsegn: Tilskot til nasjonale kulturbygg og regional medverknad i prioriteringsprosessen

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber Kultur- og likestillingsdepartementet ved Kultur- og likestillingsministeren om å legge til rette for større medverknad frå fylkeskommunane ved prioritering mellom søknader om tilskot til nasjonale kulturbygg.
2. Vestland fylkeskommune ber Kultur- og likestillingsdepartementet årleg om å sende liste over alle søkjarar frå fylket om tilskot til nasjonale kulturbygg for uttale frå fylkeskommunane.
3. Vestland fylkeskommune oppmodar Kultur- og likestillingsdepartementet og Kultur- og likestillingsministeren om å ta omsyn til prioriteringar frå fylkeskommunane ved fordelinga av tilskot til nasjonale kulturbygg.

Samandrag

Kultur- og likestillingsdepartementet gir årlege investeringstilskot til nasjonale kulturbygg via statsbudsjettet. Fylkestinget har peika på utfordringa med liten regional medverknad i prioriteringane ved tilskot til nasjonale kulturbygg, gjennom verbalpunkt ved budsjettvedtak 2022. På bakgrunn av dette legg fylkesdirektør fram forslag til fråsegn der departementet og Kultur- og likestillingsministeren blir bedt om å legge betre til rette for medverknad frå fylkeskommunane i denne prosessen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok følgjande punkt i samband med vedtak av budsjett 2022 (PS 109/2021):

Samtidig meiner fylkestinget at den statlege ordninga «Tilskudd til nasjonale kulturbygg» tvingar fylkeskommunen til å prioritere prosjekt Stortinget vel. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram sak til Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet om uttale til Kulturdepartementet om utfordringa.

Eit godt døme på korleis det verkar er Gulatinget. Både fylke og kommune har prioritert tiltaket i investeringsbudsjettet, men det blir stadig utsett fordi staten løyver til andre prosjekt og fylket må følgje på med midlar for å løyse ut dei.

Fylkesdirektør tilrår at fylkesutvalet sender fråsegn til Kultur- og likestillingsdepartementet og Kultur- og likestillingsministeren om utfordringa med liten regional medverknad i prioriteringsprosessen ved tilskot til nasjonale kulturbygg. Fylkesdirektør tilrår at Vestland fylkeskommune gjennom fråsegna ber om større medverknad, oversending av liste over søkjarar for politisk uttale frå fylkeskommunane og at minister og departement blir oppmoda om å ta omsyn til prioriteringar frå fylkeskommunane. Saksframlegget til fylkesutvalet kan ligge ved som bakgrunnsinformasjon til fråsegna.

Kultur- og likestillingsdepartementet gir årlege investeringstilskot til nasjonale kulturbygg via statsbudsjettet (kap.322, post 70). Formålet med ordninga er nedfelt i retningslinjene:

Under denne posten på statsbudsjettet gis det tilskudd til bygninger og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon innenfor kulturfeltet. Byggeprosjektene skal dekke behovet for forsvarlig areal, økt funksjonalitet, og/eller økt sikkerhet gjennom ombygging og/eller nybygg. Bygningene skal ha høy arkitektonisk kvalitet.

I følgje retningslinjene er hovudregelen at maksimal tilskotsandel i ordninga skal vere 1/3. Søknadsfristen er 1. januar for søknader til neste års statsbudsjett. [Sjå meir informasjon om ordninga.](#)

Etter at søknadene til ordninga er mottatt sender Kultur- og likestillingsdepartementet dei over til Kulturrådet for fagleg vurdering. Kulturrådet går gjennom søknadene, gjennomfører møte med søkjarane og sender vurderinga over til departementet, som tek desse med i vidare prioriteringar. Søkjarane blir oppmoda om å ta med m.a. vertskommune, fylkeskommune og andre relevante partar i møte med Kulturrådet. Vestland fylkeskommune v/ fylkesadministrasjonen har delteke i fleire slike møte dei siste åra.

Fylkesdirektør saknar ein meir systematisk prosess for behandling av og prioritering mellom søkjarane til ordninga. Ei løysing på dette kan vere at departementet sender liste over alle søkjarane frå fylket til fylkeskommunane for uttale. Då kan fylkeskommunane på systematisk vis melde tilbake politiske prioriteringar nedfelt i regionale planar, fylkesdelplanar, strategiar, politiske vedtak, budsjettvedtak o.l. og ta med opplysningar om søknadane i den regionale planlegginga. Fylkesdirektør meiner dette vil gje betre samsvar mellom nasjonale og regionale prioriteringar. Fylkeskommunane vil då i mindre grad kunne bli tvinga til å måtte prioritere i tråd med Stortinget sine vedtak, og i større grad i tråd med vedtatt regional kulturpolitikk.

Søknader frå og tildelingar til aktørar i Vestland

I søknadsrunden til statsbudsjettet 2022 kom det inn sju søknader frå aktørar i Vestland fylke:

- Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum, Lindehuset. Fekk ikkje løyving.
- Bymuseet i Bergen, publikumsbygg Gamle Bergen museum. Fekk ikkje løyving.
- Griegkvartalet. Fekk ikkje løyving, men 1 mill. kr til planlegging (frå anna budsjettpost).
- Gulating nasjonale kultursenter. Fekk ikkje løyving.
- Fortidsminneforeningen, Verdsarvsenter Urnes stavkyrkje. Fekk ikkje løyving.

- Hardanger og Voss museum, Tett på – Hardanger fartøyvernsenter. Fekk løyving på 5 mill. kr for 2022 (33 mill. kr står att til seinare budsjettår).
- A/S Den Nationale Scene. Fekk løyving på 284,2 mill. kr for 2022 (284,2 mill. kr står att til seinare budsjettår).

På statsbudsjettet 2022 ligg det inne fem investeringsprosjekt frå aktørar i Vestland fylke som har fått løyving for 2022 eller ved tidlegare statsbudsjett:

- Bergen kommune, Sentralbadet scenekunsthús. Løyving på i alt 230 mill. kr, 55 mill. kr står att.
- Sunnhordland museum, Nye Sunnhordlandstunet. Løyving på i alt 15,2 mill. kr, 2 mill. kr står att.
- Musea i Sogn og Fjordane, fellesmagasin. Løyving på i alt 40 mill. kr, 17,7 mill. kr står att.
- Den Nationale Scene i Bergen. Løyving på i alt 608,4 mill. kr, 284,2 mill. kr står att.
- Hardanger og Voss museum, Tett på. Løyving på i alt 38 mill. kr, 33 mill. kr står att.

Alle desse fem har tilsegnfullmakt for utbetaling i seinare budsjettår. Løyvingane er dermed fordelt over fleire statsbudsjett. I tillegg til løyvingane over kapittel 322, post 70 til nasjonale kulturbygg vart det i samband med revidert nasjonalbudsjett 2021 sett av 11 mill. kr til etablering av eit verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane (Musea i Sogn og Fjordane) over kapittel 328, post 70.

Det kom inn åtte søknader til ordninga for nasjonale kulturbygg til statsbudsjettet 2023 ved søknadsfristen 1. januar 2022. Fem av søknadane er frå aktørar som har søkt ordninga tidlegare utan å ha fått løyving (nemnt i lista ovanfor). Tre av søkjarane er nye: Fjaler kommune / Samvirket, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter og Museumssenteret i Hordaland / Lyngheiseret.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet kan gjere vedtak i saka, jf. reglement for utvalet punkt 6:

6. Fråsegn

Dersom fylkesutvalet ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkesutvalet vedta ei fråsegn om dette på vegner av Vestland fylkeskommune.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Mange av søkjarane om tilskot til nasjonale kulturbygg søkjer også på ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar i Vestland. Fylkestinget gjer vedtak om tilskot i ordninga i samband med årlege budsjettvedtak, etter prioritering frå hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Klima:

Klima er ikkje direkte relevant for saka.

Folkehelse:

Folkehelse er ikkje direkte relevant for saka.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har relevante mål og strategiar som kan knytast mot kulturbygg, m.a.:

- mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- strategi 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar
- strategi 3.2 Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

- strategi 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* har mål som gjeld arenaer for kultur.

Konklusjon

Kultur- og likestillingsdepartementet gir årlege investeringstilskot til nasjonale kulturbygg via statsbudsjettet. På bakgrunn av fylkestinget sitt budsjettvedtak 2022 legg fylkesdirektør fram forslag til fråsegn til Kultur- og likestillingsdepartementet og Kultur- og likestillingsministeren. I fråsegna ber Vestland fylkeskommune om at det blir lagt betre til rette for medverknad frå fylkeskommunane i prioriteringsprosessen mellom søknadene om tilskot til nasjonale kulturbygg.